

MØTEBOK FRÅ LANDSMØTET I NORSK MÅLUNGDOM 1991

Møtet vart halde på Tanum-anlegget i Klæbu ved Nidaros, 15.-17. mars. Studentmållaget i Nidaros stod som praktiske tilskiparar.

FREDAG 15. MARS

SAK 1 OPNING

A) Godkjenning av innkalling

Møtet vart opna av leiaren, Bård Eskeland, kl. 12.30.
Leiaren i Studentmållaget i Nidaros, Roar Madsen, ynskte velkomen.

Det var ingen merknader til innkallinga.

B) Ordstyrarar

Landsstyret hadde dette framlegget til ordstyrarar:

Bård Dagestad
Øyvind Thomassen
Roar Madsen
Unn Kristin Daling
Yngve Skjæveland
Eldfrid Rognevær
Inger Helen Midtgård
Ellinor Bergli
Hans Olav Brendberg
Cecilie Gulnes

Ordstyrarane fekk fullmakt til å organisera seg sjølve.

Bård Dagestad og Roar Madsen tok deretter over møteleiinga.

C) Sakliste og timeplan

Framlegg frå landsstyret:

<i>Fredag:</i>	11.00	<i>Innsjekking</i>
	12.00	<i>Sak 1 OPNING: Tale v/ Studentmållaget i Nidaros, Godkjenning av innkalling, sakliste og landsmøteføresegner, val av ordstyrarar, nemnder.</i>
	12.15	<i>Sak 2 LEIARTALE v/Bård Eskeland.</i>
	13.00	<i>Sak 3 ÅRSMELDINGA 1990-91 Innleiing v/Holger Locertsen, sentralstyret. Innleiing. Ordskifte.</i>
<i>Vedtak.</i>	15.00	<i>Pause. Middag.</i>
	16.00	<i>Sak 4 ARBEIDSPROGRAMMET 1991-92</i>

18.00 Innleiing v/ Kari Bjørnsvik, nestleiar. Ordskiye.
Sak 5 REKNESKAP 1990
18.20 Sak 6 Innleiing v/Dag Hagen Berg, økonomiandsvarleg. Ordskiye. Vedtak.
BUDSJETT/MEDLEMSPENGAR 1992
19.00 Innleiing v/Dag Hagen Berg, økonomiandsvarleg. Ordskiye.
Sak 7 LOVBRIGDE
Orienteringar v/**framleggsstillarane**. Ordskiye.
A) Heiderslem-paragrafen
B) Tilhøvet til Noregs Mållag
19.45 Helsingar
20.00 Slutt. Kveldsmat. Nemndarbeid.
20.30 Dansekurs (pols)
21.00 Frist for brigde til sakene som skal opp til vedtak laurdag.

Laurdag:

07.30 Vekking
08.00 Frukost
09.00 Valnemnda orienterar
09.15 Sak 8 DIALEKTANE OG NYNORSKEN
Innleiing v/ professor **Jan Terje Faarlund**.
10.00 Gruppeordskiye
11.00 Samla ordskiye
12.00 Pause. Dugurd.
13.00 Sak 9 EF OG MÅLRØRSLA
Innleiing v/ **bonde Olav O. Randen**, Ål
14.00 Gruppeordskiye
15.00 Samla ordskiye
16.00 Pause
16.30 Sak 4 Vedtak på arbeidsprogrammet
17.15 Sak 5 Vedtak på rekneskap 1990
Sak 6 Vedtak på budsjett og medlemspengar 1992.
17.45 Sak 7 Vedtak på lovbrigde.
18.00 Slutt. Nemndarbeid.
19.00 Landsmøtefest.
22.00 Frist for brigde til sakene som skal opp til vedtak sundag.

Sundag:

07.30 Vekking
08.00 Frukost
09.00 Sak 8 Vedtak på hovudemnet
10.00 Sak 9 Vedtak på attåtemnet
11.00 Sak 10 ANDRE VEDTAK
A) Samarbeidsavtala med Noregs Mållag
B) Ymse
11.30 Sak 11 FRÅSEGNAR
12.15 Sak 12 VAL
12.45 Møtekritikk/Avsluting
13.00 Slutt. Utmarsj. Heimreise.

Saklista vart samrøystes godkjend.

D) Nemnder

Framlegg frå landsstyret:

Fullmaktsnemnd:

Oddmund Hoel
Dag Hagen Berg
Remi Moen
Sveinung Helgheim

Reiseutjammingsnemnd: Remi Moen
Oddmund Hoel

Møteskrivarar: Fride Elgsæther
Øyvind Seland
Gry A. Øvstegård
Edvin Hellan
Olav Helge Øwre
Sorle S. Hovdenak
Inga-Beth Bø-Uppstad

EF-nemnd: Mette Løkeland-Stai
Tone Magnussen
Morten Søberg
Tor Koppang
Ingar Arnøy

Hovudemnenemnd: Sigrun Høgetveit Berg
Line Sivertsen
Anniken Førde
Bård Eskeland
Fride Elgsæther

Arbeidsprogramnemnd: Gro M. Endresen
Gyda Kjekshus
Kari Bjørnsvik
Arnfinn Rokne
Andre Myrlund

Nemnd for fråsegner og andre vedtak: Ingun Momrak
Gry A. Øvstegård
Hans Olav Brendberg
Roar Madsen
Bodil Haug

Økonominemnd: Dag Hagen Berg
Remi Moen
Robert Hagen
Sveinung Helgheim
Jørn Stuve

Alle nemndene var samrøystes valde.

SAK 2 LEIARTALE

Leiaren i Norsk Målungdom, Bård Eskeland, tala.

Anne K. Sæter og Sjur N. Moshagen frå Studentmållaget i Nidaros kom med ein del praktiske opplysningar.

SAK 3 ÅRSMELDING

Sentralstyremedlem i NMU, Holger Lockertsen, innleidde.

Desse hadde ordet i det generelle årsmeldingsordskiftet:
Kari L. Bjørnsvik, Marta Ø. Falch (leiar i Noregs Mållag), Hans Olav Brendberg, Bodil Haug, Mette L-Stai, Bård Eskeland, Trond E. Pedersen, Inger Helen Midtgård (replikk), Sigrun Høgetveit Berg, Øyvind Thomassen, Hans Olav Brendberg (replikk) Ingar Arnøy.

Årsmeldinga vart deretter diskutert bolc for bolc.

Bolk 1: Desse hadde ordet:

Kari Randen, Bård Eskeland (replikk), Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Bård Eskeland (replikk), Knut Lekvam, Roar Madsen, Hans Olav Brendberg, Sigrun Høgetveit Berg.

Bolk 2, 3 og 4: Ingen hadde ordet.

Bolk 5: Desse hadde ordet:

Knut Lekvam, Hilde Brennhovd, Sigrun Høgetveit Berg, Bård Eskeland, Ingar Arnøy, Øyvind Seland.

Bolk 6: Desse hadde ordet:

Eivind Borud, Gyda Kjekshus, Hilde Hauglid, Line Sivertsen, Kaj Pieter Heimland, Ragnhild Olsen, Gro Morken Endresen.

Bolk 7 og 8: Ingen hadde ordet.

Bolk 9: Mette Løkeland Stai hadde ordet.

Bolk 10:

Kaj Pieter Heimland, Bård Eskeland (replikk), Karl-Johan T. Bruun-Olsen.

Bolk 2 kom opp til ordskifte att:

Hilde Bjørnsvik, Runhild Bakken.

Bolk 11: Ingen hadde ordet.

MERKNADER TIL ÅRSMELDINGA:

Frå Knut Lekvam:

Merknaden fall med stort fleirtal.

Frå Vestlandske MU:

Merknaden vedteken med stort fleirtal.

Punkt 1.2:

Frå Hallingdal MU: Dei fem siste linene frå "Dei fleste..." går ut. Framlegget fall med stort fleirtal.

Punkt 1.5:

Frå Knut Lekvam: Det er ikkje for breitt grunnlag i NMU. Framlegget fall med stort fleirtal.

Punkt 2.6:

Vedteke med stort fleirtal.

Punkt 5.2.3:

Frå Knut Lekvam:

Landsmøtet meiner at dette punktet er grunnleggjande feil.
Framlegget fall med stort fleirtal.

Punkt 5.2.3:

Frå Vestlandske MU:

Framlegget vart vedteke.

Punkt 6.1.1:

Frå Tromsø MU: Kontakten mellom NMU og NNMU. NNMU har dårleg kontakt med DS fordi vi ikkje har eigen repr. i sentralleiinga. Vi prøvde å nominere eigen representant i fjor, men blei ikkje hørt. I staden for nominerte sentralleiinga eigen 'nord-norsk' representant som ikkje har fungert som det bindeleddet ho er meint å vere. Dette er også ei av årsakene til at det blir lite politisk motstand sentralt. Det bør derfor etableres bedre praksis ved nominasjon til sentralleiinga.

VEDTAK: Merknaden vart vedteken med 15 mot 12 røyster, 28 fråhaldande.

Punkt 6.4.2:

Frå VMU:

Vedteken med stort fleirtal.

Heilskapen:

Knut Lekvam gjorde framlegg om å forkasta heilskapen i årsmeldinga.

VEDTAK: Heilskapen vart vedteken med stort fleirtal.

Kl. 15.45 tok møtelyden middagskvil til kl. 16.30.

Ordstyrarar:

Øyvind Thomassen

Eldfrid Rongevær

Yngve Skjæveland

SAK 4 ARBEIDSPROGRAMMET 1991/92

Nestleiar Kari L. Bjørnsvik innleidde.

Desse hadde ordet i ordsiftet som tok til kl. 17.15:

Marta Ø. Falch (NM), Thomas Tangen, Bård Eskeland, Cecilie Gulnes, Eivind Borud, Sigrun H. Berg, Tone Magnussen, Sjur N. Moshagen (replikk), Marta Ø. Falch, Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Kari Randen, Hans Olav Brendberg, Knut Lekvam, Roar Madsen, Gro Morken Endresen, Trond E. Pedersen, Holger Lockertsen (replikk), Sjur N. Moshagen, Hilde Bjørnsvik, Øyvind Seland, Kari Bjørnsvik, Kaj Pieter Heimland, Roar Madsen (replikk), Oddmund L. Hoel, Ingar Arnøy.

Deretter orienterte Remi Moen frå fullmaktsnemnda før møtelyden tok pause kl. 17.55 til 18.10.

Møteskrivarar:

Fride Elgsæther
Gry Anette Øvstegård

SAK 5 REKNESKAP 1990

Økonomiandsvarleg Dag Hagen Berg innleidde.
Ettersynsmannen Gunnar Kristiansen kom med sine merknader.

Desse hadde ordet i ordskiftet:

Geir Ole Kjerstadmo, Tor Koppang, Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Ole Chr. Børtveit, Bård Eskeland, Dag Hagen Berg.

Rekneskapen vart samrøystes vedteken.

SAK 6 BUDSJETT OG MEDLEMPENNGAR FOR 1992

Dag Hagen Berg innleidde.

Desse hadde ordet i det fylgjande ordskiftet:
Ingar Arnøy, Dag Hagen Berg.

VEDTAK: Medlemspengane for 1991 skal framleis vera 30,- -tretti- kroner.

Ordskiftet heldt fram:

Hans Olav Brendberg, Sjur N. Moshagen, Oddmund Hoel, Geir Ole Kjerstadmo.

Framlegg frå landsstyret: Medlemspengar for 1992 vert 50,- -femti- kroner (=sentral del).
Det kom framlegg om 40,- -førti- kroner.

VEDTAK: Sentral medlemspengesats for 1992 vert 50,- -femti- kroner.

SAK 7 LOVBRIGDE

A) Heiderslem-paragrafen

Bård Eskeland gjorde greie for framlegget sitt om å stryka § 4 om heiderslemer.

Øyvind Thomassen ynskte ei utgreiing om både framlegga til lovbrigde slik at ein kunne prioritera ordskiftet mellom dei. Roar Madsen gav ei slik orientering.

Bård Dagestad hadde ordet i ordskiftet om heiderslemparagrafen før framlegget kom opp til røysting.

VEDTAK: Framlegget fall med 29 for stryking og 16 røyster mot, 9 fråhaldne. Paragrafen vert ståande.

B) Tilhøvet til Noregs Mållag

Framlegg frå landsstyret:

§ 39: *Tilhøvet til Noregs Mållag er regulert av samarbeidsavtalen, som vert vedteken av landsmøta til Noregs Mållag og NMU. I tilfelle der det vert tvil om tolkinga av avtalen, står lovene til NMU over avtalen. I slike tilfelle gjer landsstyret og landsmøtet til NMU vedtak for å avklara tvilsspørsmåla.*

§ 40: *Landsmøtet i NMU nominerer ein medlem med personleg vara til styret i Noregs Mållag. Desse møter og arbeider etter særskilt vedtak i landsstyret i NMU.*

§ 41: *I tilfelle der det ikkje er samsvar mellom vedtaka om samarbeidsavtale frå landsmøta til NMU og NM, gjeld det som er sams for vedtaka om samarbeidsavtale til samsvar er oppretta.*

§ 42: *Om samarbeidsavtalen vert sagt opp av ein av partane, er lokallag og valde styre i NMU einast bundne av lovene og andre landsmøtevedtak i NMU.*

Gamle pgf 39 vert ny pgf 43.

Hans Olav Brendberg gjorde greie for framlegget.

ORDSKIFTE: Desse hadde ordet:

Kolbjørn Gåsvær (NM), Sjur Moshagen, Hans Olav Brendberg, Bård Dagestad, Oddmund Hoel, Marta Ø. Falch, Ingar Arnøy.

Landsmøtet vedtok å utsetja førehavinga av § 41 til sundag.

VEDTAK:

§ 39: Vedteken med 40 røyster for, 5 mot og 9 fråhaldne.

§ 40: Vedteken med 47 røyster for, 3 mot og 4 fråhaldne.

§ 42: Vedteken med 45 røyster for, 4 mot og 6 fråhaldne.

HELSINGAR

Marta Østerås Falch bar fram helsing frå Noregs Mållag.

Fristen for framlegg i sakene som skal opp til vedtak laurdag vart utsett frå 21.00 til 22.00 fredagskvelden.

Fredagsmøtet heva kl. 20.00.

På kvelden var det polskurs.

LAURDAG 16. MARS

Møteskrivarar: Gry A. Øvstegård, Fride Elgsæther.

Ordstyrarar: Inger H. Midtgård,

Møtet tok til kl. 09.10.

Valnemnda v/Andre Myrlund orienterte.

LM-BOK 1991

Karl-Johan T. Bruun-Olsen orienterte om siste utvikling i Twin Peaks (!?)

SAK 8 DIALEKTANE OG NYNORSKEN

Professor Jan Terje Faarlund frå Nordisk institutt, Universitetet i Nidaros, orienterte.

Deretter vart landsmøtelyden delt opp i grupper som arbeidde kvar for seg ein time.

Samla ordskifte. Desse hadde ordet: Trond E. Pedersen, Tor Koppang, Roar Madsen (saksføre.), Yngve Skjæveland, Bård Dagestad (replikk), Cecilie Gulnes, Andre Myrlund, Hans Olav Brendberg, Ågot Opheim, Geir Ole Kjerstadmo, Sigrun Høgetveit Berg, Bård Eskeland, Jan Terje Faarlund, Roar Madsen, Bård Eskeland (replikk), Andre Myrlund, Ågot Opheim (replikk), Øyvind Seland, Hans Olav Brendberg, Bodil Haug, Torgeir Børtveit, Bård Eskeland (replikk), Bård Dagestad, Ågot Opheim, Bodil Haug (replikk), Oddmund Hoel, Ingar Arnøy, Eivind Borud, Line Sivertsen (replikk), Jan Terje Faarlund.

Dinest fekk innleiaren blomar og takk for innsatsen.

Dugurd

Valnemnda orienterte ein gong til.

SAK 9 EF OG MÅLRØRSLA

Olav O. Randen, bonde frå Vats i Ål (Hallingdal) innleidde.

Deretter var det gruppeordskifte i ein time.

Samla ordskifte. Desse hadde ordet: Thomas Tangen, Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Thomas Tangen (replikk) - svarreplikk, Terje Skjerdal, Cecilie Gulnes (replikk) - svarreplikk, Ellinor Bustad, Øyvind Thomassen, Sveinung Helgheim, Øyvind Seland, Angunn Engebø, Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Øyvind Thomassen (replikk), Morten Sjøberg, Oddmund Hoel, Bård Dagestad, Olav O. Randen, Eivind Borud, Gyda Kjekshus (replikk) - svarreplikk, Roar Madsen, Eivind Borud (replikk) - svarreplikk, Bård Dagestad, Olav Helge Øwre, Terje Skjerdal, Oddmund Hoel, Bård Eskeland, Sveinung Helgheim, Olav O. Randen.

SAK 4 ARBEIDSPROGRAMMET (vedtak)

Gro Morken Endresen frå arbeidsprogramnemnda orienterte om arbeidet til nemnda.

Tilrådinga frå arbeidsprogramnemnda på landsmøtet vart lagt til grunn for førehavinga. Det vart opna for to innlegg på kvart punkt.

Punkt 2.1:

Robert Hagen og Gro M. Endresen hadde ordet.

Framlegg frå Robin Rasmussen og Robert Hagen:

I Rangeringa bør endrast slik at punktet om EF kjem sist.

II Punktet om EF skal vere frivillig for lokallaga å følgje opp.
Framlegget fall.

Framlegg frå Knut Lekvam:

Vgs. 2) EF vert nytt punkt vgs. 5).

Stud.lag 1) EF vert nytt punkt stud.lag 4)

Framlegget fall.

Framlegg frå Bård Eskeland:

Stud.mållaga: nytt punkt 4) Målføre og normalmål.

Vedteke.

Heilskapen i punkt 2.1 vart deretter vedteken.

Punkt 2.2:

Framlegg frå Vestlandske Målungdom:

Nytt strekpunkt 4 under tiltak:

- Landsstyret skal setja ned ei nemnd som skal utarbeida ein mal for eit norskkurs til bruk i NMU. Landsstyret tek stilling til kva normal norskkurset skal fylgja.

Normalen lyt verta sak på neste landsmøte der endeleg normal vert vedteken.

(Noverande strekpunkt 4 vert punkt 5)

Vedteke med 26 mot 18 røyster, 13 fråh.

Punkt 2.4 (EF; tidl. 2.3):

Tone Magnussen, Gro M. Endresen og Sigrun Høgetveit Berg hadde ordet.

Framlegg frå Karl-Johan T. Bruun-Olsen:

Styk heile EF-punktet frå arbeidsprogrammet.

Framlegget fall.

Framlegg frå Studentmållaget i Tromsø:

Nytt punkt under tiltak:

Dei NMU-lag som er sterke nok til det, bør gjennomføre minst ein EF-aksjon i året som kjem.

Framlegget fall.

Framlegg frå Thomas Tangen:

Stryk andrepunktet på målsetnader, byt det ut med:

- Vera med å leggja premiss, og gje motstandsarbeidet ein vidare, og ikkje minst kulturell dimensjon.

Framlegget vart vedteke.

Punkt 2.4 (Læremiddel; tidl. 2.3):

Sigrun Høgetveit Berg og Gro Morken Endresen hadde ordet.

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

'Knus bokmålsveldet' kan vera ein av parolane under aksjonen.

Framlegget fall med 27 røyster mot, 23 for og 8 fråh.

Punkt 2.7:

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Stryk: "Mangelen på eit sterkt nynorsk normaltalemål er eit hinder for

målreisinga."
Framlegget fall.

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Stryk: "Sentrale tillitsvalde bør normere talemålet lett i offisielle samanhengar."
Framlegget fall.

Punkt 3.1:

Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Roar Madsen og Bodil Haug hadde ordet.

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Prioriteringspunktet vert slik:

- 1) Byggjing av distriktsstyre
- 2) Lagsbyggjing

Framlegget fall.

Framlegg frå Roar Madsen:

Prioriteringspunktet vert:

- 1) Lagsbyggjing
- 2) Styrkjing av studentmållag
- 3) Byggjing av distriktsstyre

Framlegget fall.

Framlegg frå Holger Lockertsen:

- Punkt 1 og 2 i prioriteringane vert slegne saman til eitt punkt: 1)
Lags-/distriktbyggjing
2) Styrkjing av studentmållaga.

Framlegget fall.

Punkt 4.3:

Sigrun Høgetveit Berg og Gro Morken Endresen hadde ordet.

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Strekpunkt 2 vert brigda til:

Alle lokallag bør gjennomføra minst ein studiering om grunnlaget for målreisinga.
Framlegget fall.

Punkt 4.8:

Robert Hagen og Roar Madsen hadde ordet.

Framlegg frå Studentmållaget i Tromsø:

Ny fyrste line:

Studentmållag som er sterke nok til det kan utarbeida kritikk av norsk- og historiefaga.

Framlegget fall.

Punkt 4.9:

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Brigde:

Lag som er sterke nok til det bør skipa kurs i det ekte målføret på staden eller norsk normaltalemål.

Framlegget fall.

Punkt 5.1:

Framlegg frå Studentmållaget i Tromsø:

Tillegg etter siste setning:

I samband med at EG blir gjort om til medlemsblad for NMU, bør det vere eit mål for redaksjonen å gjere bladet meir tilgjengeleg for lesarane.

Framlegget vart vedteke med 24 mot 17 røyster, 14 fråh.

Del 1 Innleiing vart samrøystes vedteken.

Del 2 Politisk del vart vedteken med 45 mot 8 røyster, 2 fråhaldande.

Del 3 Organisasjonisk del vart vedteken med 47 mot 6 røyster, 2 fråhaldande.

Del 4 Studiearbeidet vart vedteken med 48 mot 3 røyster, 4 fråhaldande.

Del 5 Blest vart vedteken med 54 røyster, 1 fråhaldande.

Del 6 Økonomi vart samrøystes vedteken.

Heilskapen i arbeidsprogrammet vart vedteken med 43 mot 10 røyster, 2 fråhaldande.

SAK 7 LOVBRIGDE

B) Tilhøvet til Noregs Mållag

§§ 39, 40 og 42 vart vedtekne fredag. § 41 stod att, og det låg to framlegg i bordet: eitt frå landsstyret og eitt frå Hans Olav Brendberg.

Det vart fyrst røysta over kva framlegg som skulle leggjast til grunn for førehavinga.

Framlegget frå landsstyret fekk 39 røyster (6 mot, 10 fråh.) og vart lagt til grunn.

VEDTAK: Framlegget til § 41 vart vedteke med 42 røyster for, 6 mot og 9 fråhaldande.

Laurdagskvelden var det festmiddag med rjomegraut og spekemat. Rune Thunestveit, Orkanger Mållag, heldt festtale. East Wall frå Nidaros spela deretter irsk folkemusikk til langt på natt.

SUNDAG 17. MARS

Skrivar: Gro M. Endresen

Ordstyrarar: ???

SAK 8 MÅLFØRA OG NYNORSKEN (vedtak)

Sigrun Høgetveit Berg orienterte frå hovudemnenemnda.

Desse hadde ordet: Anniken Førde, Bård Eskeland, Yngve Skjæveland.

Punkt 1.1:

Framlegg frå Yngve Skjæveland og Tor Koppang:

Stryk "...ynskjer å halda på dette dogmet, men.." slik at setninga vert: "NMU meiner at målrørsla bør diskutera slagordet, og sjå kritisk på det." Framlegget fall med 30 røyster mot, 26 for og 5 fråhaldne.

Ingen andre av framlegga til brigde og tillegg vart haldne oppe.

Heilskapen i programmet vart vedteken.

SAK 9 EF OG MÅLRØRSLA

Tone Magnussen orienterte frå EF-nemnda.

Desse hadde ordet i ordskiftet: Knut Lekvam, Cecilie Gulnes, Bård Eskeland, Thomas Tangen, Knut Lekvam.

Heilskapen vart vedteken.

SAK 6 BUDSJETT/MEDLEMSPENGAR

Remi Moen orienterte.

Ordskipte: Dag Hagen Berg, Aagot Opheim, Dag H. Berg (replikk), Olav Helge Øwre, Dag H. Berg.

SAK 10 ANDRE VEDTAK

A) Samarbeidsavtala med Noregs Mållag

Hans Olav Brendberg orienterte om framlegget til samarbeidsavtale som landsmøtet i Noregs Mållag vedtok sumaren 1990:

- 1. Denne samarbeidsavtalen som er vedteken på landsmøta i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, set tidlegare avtalar ut or kraft.*
- 2. Noregs Mållag og Norsk Målungdom er samde om at tilhøvet mellom dei skal fylgja grunnsetningane om tillitsfullt samarbeid, gjensidig hjelp og ope meiningsbyte.*
- 3. Norsk Målungdom er ungdomssamskipnaden åt Noregs Mållag. Dei to somskipnadene er samde om at det ikkje er heldig å setja noko skarpt skilje mellom arbeidsoppgåvene åt Norsk Målungdom og Noregs Mållag. Norsk Målungdom har likevel eit særskild ansvar for saker som vedkjem ungdom og for å organisera ungdom og for å organisera ungdom i vidaregåande skular og på universiteta.*
- 4. Ungdomsmållaga skal vera rekrutteringslag for Noregs Mållag, og Norsk Målungdom skal difor arbeida for å få medlemmer til å gå over i andre mållag når dei ikkje lenger arbeider i Norsk Målungdom. Noregs Mållag skal på si side stø arbeidet til ungdomsmållaga og arbeida for at det vert skipa nye ungdomsmållag. Medlemmer i Norsk Målungdom bør ikkje vera eldre enn 30 år.*
- 5. Tilhøvet mellom distriktslaga i Norsk Målungdom og fylkeslaga i Noregs Mållag vert ordna gjennom særskilde avtalar. Der det høver, bør laga i Norsk Målungdom vera med i fylkeslaget i Noregs Mållag. Medlemstalet deira skal likevel ikkje telja med når talet på landsmøteutsendingar frå fylkesmållaget i Noregs Mållag skal fastsetjast. Laga i Norsk Målungdom vert kalla inn til årsmøtet i fylkesmållaget*

etter vanlege reglar for utsendingsrett i fylkesmållaget. Laga i Norsk Målungdom sender årsmelding om verksemda si til fylkeslaget i Noregs Mållag føre årsmøtet. Laga i Norsk Målungdom møter med fulle rettar på årsmøta i fylkesmållaget.

6. Norsk Målungdom har rett til ein medlem i styret i Noregs Mållag. I nemnder sette ned av Noregs Mållag eller Norsk Målungdom har den andre parten rett på ein medlem når han bed om det. Kvar samskipnad peikar ut sine representantar. Dei to samskipnadene byter opprit frå møte i styre og nemnder så snart som råd etter møtet. Arbeidsutvalet i Noregs Mållag og Sentralstyret i Norsk Målungdom held sammøte ein gong i året for å planleggja konkret samarbeid.

7. Noregs Mållag har rett til opptil 10 utsendingar med tale og framleggsrett på landsmøta i Norsk Målungdom.

8. Medlemene i Norsk Målungdom er innmeldt i Noregs Mållag gjennom Norsk Målungdom.

ORDSKIFTE: Robert Hagen, Holger Lockertsen (replik), Hans Olav Brendberg, Sigrun Høgetveit Berg, Aagot Opheim, Cecilie Gulnes, Karl-Johan T. Bruun-Olsen.

VEDTAK: Framlegget til samarbeidsavtale vart vedteke mot 2 røyster, 5 fråhaldande.

Framlegg frå Robert Hagen:

NMU bed Noregs Mållag gå med på å byta ut 'universitet' med 'høgskular'.
Vedteke mot 1 røyst, 1 fråhaldande.

B) Utviding av VMU

Framlegg frå styret i VMU:

Vestlandske Målungdom er i dag distriktsstyre for lokallaga i Hordaland og Sogn og Fjordane. Me bed landsmøtet utvida området for VMU til å gjelda heile Vestlandet (minus Nordmøre).

Vedteke mot 2 røyster, 5 fråhaldande.

SAK 11 FRÅSEGNER

A) Studietilfang om hovudemneframlegget

Framlegg frå Bodil Haug, VMU:

Sentralleiingi skal ta hovudemneutgreiingi til nærare ettersyn og utarbeida studietilfang på grunnlag av henne. Dette studietilfanget lyt vera så klårt i utformingi at dei vanlegaste syni på samanhengen mellom nynorsk og målføre kjem heilt tydeleg fram. Det lyt gjerast klårt kva fylgjer desse ulike synsmåtane vil ha, og kva verdiar NMU legg til grunn for organisasjonen sitt syn på dette emnet.

NMU kan ikkje rekna seg ferdig med hovudemnet frå landsmøtet 1991 berre med den utgreiingi som har vore oppe til handsaming, då denne utgreiingi er for diffus til å kalla fram noko politisk ordskifte i organisasjonen. Difor lyt studiemateriellet dra opp så klare liner at ein vert nøydd til å ta stilling til standpunkti ein har.

VEDTAK: Fråsegna vert sendt over til landsstyret.

B) Nynorsk i Bergensgymnasa

Framlegg frå Rolf Søderstrøm, Ragnvald Soldal og Jarle Hovland:

I ein reportasje i Bergens Tidende 1. mars 1991 kom professor Willy Dahl ved Universitetet i Bergen med framlegg om at det skal skipast ein nynorsk-klasse i den vidaregåande skulen. Willy Dahl grunnjev dette "eksperimentet" med at elevar med nynorsk som hovudmål gjennomsnittleg har betre karakter i både nynorsk og bokmål.

Norsk Målungdom ser positivt på framlegget frå Willy Dahl, og vil vera me på å stø opp om eit slikt tiltak. Målungdomen har ynskt å arbeida for at nynorsken skal vinna rom i byane. Dette tiltaket vil vera eit steg i rett lei, og kan setja i gang aktivitet, ordskifte, og vonleg "smitteeffekt" til oppretting av fleire klassar. NMU vonar detta tiltaket kan vera med å styrka grobotnen for eit ulmande nynorsk-miljø blant bergensarar.

ORDSKIFTE: Aagot Opheim, Karl-Johan T. Bruun-Olsen.

VEDTAK: Vedteke mot 2 fråhaldande.

C) Nidaros er namnet

Framlegg frå Roar Madsen:

*Til
Trondheim kommune
Presse og kringkasting*

*Norsk Målungdom samla til landsmøte i Klæbu 15-17.03 1991, oppmodar Trondheim kommune til å ta opp att bruken av **Nidaros** som namn på sentrum i kommunen. I 1997 fyller byen 1000 år, og eit namnebyte hadde vore ei staseleg markering av denne høgtidinga.*

Få vil vera usamde i at Nidarosnamnet betre enn noko anna, ber i seg dei rike historisk-kulturelle tradisjonane byen har. Nidaros-namnet vil såleis markera at byen er moderne, men med særpreg og tradisjonar.

Nidarosnamnet er i dag langt meir eit felles eige for byen og innbyggjarane enn det var under namnestriden for 60 år sidan. Namnet er populært i breie krinsar, noko namn som Nidaros MC-klubb, Nidaros sementvarefabrikk, Nidaros sko, Nidaros skytterlag, Nidaros tae-kwon-do-klubb o.s.b., syner tydeleg. Vi oppmodar både kommunen, næringsdrivande og friviljuge organisasjonar til å nytta Nidaros-namnet. Nidaros er namnet, både i 997 og i 1997.

VEDTAK: Vedteke mot 4 røyster, 8 fråhaldande.

D) Norsk mål vil me i Noreg hava!! (nynorsknormalen)

Framlegg frå Gry Anette Øvstegård, Gro M. Endresen, Trond Sæbø, Stig Aag og Inger Helen Midtgård.

*Til
Norsk Språkråd, Språknytt
Presse og kringkasting*

(Ny)norsknormalen i dag er ikkje slik me ynskjer han. Det norske målet er i ferd med å rakna i saumane. Andre land vernar om skriftmålet sitt og held det stramt i taumane. Me kan taka Island som døme. Dei mange rettskrivingsendringane her i landet ser me ikkje positivt på. Målsetnaden har vore å samkøyra og samla dei to skriftmåla bokmål og (ny)norsk. Rettskrivingsendringane for norsken sin del har ført i bokmålslei. Me vil draga i annan lei; norsk lei.

Den store valfridomen i normalen tener ikkje (ny)norsken av di det skapar vanskar for dei som ynskjer nytta (ny)norsk. Soleis vert det òg vanskeleg for NMU å driva hovudmålsarbeid, då

elevane møter ein usystematisk og sers inkonsekvent normal.

Det er god norsk skikk å be inn folk til ryddig hus, ikkje som no; eit møte med skroteloftet.

VEDTAK: Samrøystes.

E) Sjølvråderett for dei baltiske nasjonane

Framlegg frå Roar Madsen:

Landsmøtet i Norsk Målungdom, samla til møte i Klæbu 15.-17. mars 1991, vil protestera skarpt mot dei sovjetiske overgrepa mot Estland, Latvia og Litauen.

Norsk Målungdom stør seg til prinsippet om at alle nasjonar sjølve skal kunna velja sin eigen politiske skipnad. Dei baltiske nasjonane ynskjer lausriving frå Sovjetstaten. Dette ynsket har vorte møtt med soldatar og panservogner. Folkerøystingane om sjølvstende har vorte rekna som ugyldige.

Me oppmodar dei sovjetiske styresmaktene til å godtaka den klåre fleirtalsviljen til sjølvstende, og tek avstand frå sovjetiske militære aksjonar og politiske eller økonomiske straffetiltak.

VEDTAK: Vedteke mot 2 røyster, 1 fråhaldande.

F) Bunad på landsmøta

Framlegg frå Hallingdal Målungdom v/Kari Randen og Sigrun Høgetveit Berg:

Av di NMU skal arbeide for å fremja den norske nasjonal-kulturen og dei nasjonale tradisjonane og kjempe mot dårleg påverknad utanfrå - bør dette få ei viss praktisk tyding og ikkje berre politisk ideologi-tenkjing på høgt plan.

Ei heilt naturleg følgje av dette må vera å føre inn att den gamle tradisjonen med å bera nasjonalklede - bunadene - under alle landsmøte i målrørsla frå tidleg morgon til seine kveld. "Imperialist-jeans" høyrer ikkje heime på landsmøta.

ORDSKIFTE: Sigrun Høgetveit Berg, Bård Eskeland.

VEDTAK: Fråseigna vart vedteke (!)

G) Melodi Grand Prix

Framlegg frå Hallingdal Målungdom:

Landsmøtet i NMU er glad for at den norske Grand Prix-finalen i år vart avlyst. Dette av di me har høyrte oss leie på Jahn Teigen og liknande poptrubadurar, som tilsmussar kulturen vår med euro-pop av låg musikalsk kvalitet. NMU ser heller at NRK prioriterer overføringar frå t.d. Folkemusikkdagane i Ål og Landskappleiken.

ORDSKIFTE: Terje Skjerdal, Sigrun Høgetveit Berg, Thomas Tangen, Sjur N. Moshagen, Bård Eskeland, Aagot Opheim, Bård Eskeland.

VEDTAK: Fråseigna vart vedteken.

H) For norsk sjølvråderett - med norsk mål

Framlegg frå Øyvind Seland:

Fleirtalet av dei som er imot norsk medlemskap i sammarknaden, seier dei gjeng imot dette avdi at

LM-BOK 1991

Noreg vil missa for mykje av den nasjonale sjølvråderetten. Dei talar vent om det norske demokratiet, om norsk kultur og norske tradisjonar og er uroa over at euro-ideologane i Brussel freistar skipa ein sams "euro-kultur". Dei nyttar omgrep som norsk identitet, og seier at å halda på denne er viktig dersom Noreg skal kunna bidra med noko til verdssamfunnet.

Men dei fleste gløymer den viktigaste unorske tradisjonen som finst i Noreg no, som førebels er urørd av striden om medlemskap i EF. Dei gløymer at eit av dei viktigaste kjenneteikna på ein sjølvstendig nasjon er eit nasjonalt mål. I Noreg er det eit fleirtal som ikkje skriv eit norsk mål. Dei nyttar ei leivning frå ei tid då Noreg var koloni under Danmark. Rett nok har bokmål vorte noko fornorska, men jamførerer ein vanleg konservativt bokmål med eit dansk skriftmål, er det ikkje store skilnaden.

Kan no målet vere så viktig for ein nasjon vil sume spørja. For dei nasjonale minoritetane rundt i verda er eige språk ein føresetnad for å overleva som folk. Spør ein same om kor mykje det ville vore att av den samiske kulturen om det ikkje var for det samiske målet. Nokre få som dreiv med reindrift for turistane si skuld? Ein nisje i marknaden? Målet er det viktigaste merket på eit folk, det er ikkje noko dei har for å trekkja til seg fleire turistar.

No er me likevel så heldige i Noreg at me har eit eige norsk mål. Dette målet vert no kalla nynorsk, og er det einaste målet som retteleg kan kallast norsk. (Ny)norsk har vakse fram på fullnorsk grunn, byggjer på talemålet til fleirtalet av folket, og har sidan midten av 1800-talet vore ein viktig reiskap i striden mot både utanlandske og innanlandske krefter som har freista undergrava sjølvstyret og sjølvstendet vårt.

EF og bokmålsveldet er to sider av same sak. Eit av dei viktigaste måla til EF-tilhengjarane er å syna fram norsk kultur som noko provinsielt. Me må ut i "Europa" for å leggja av oss slike unotar. Den same ideologien er den sterkaste drivkrafta i striden **mot** nynorsken; heilnorsk mål vert kalla provinsielt.

Strid mot bokmålet er difor ein strid mot dei kreftene som ynskjer å tyna det norske, anten dei vil gjera det med å arbeida for eit norsk medlemskap i EF eller ved å nytta eit unorsk mål. Bokmålet er soleis eit trugsmål mot norsk sjølvråderett. Ynskjer du å taka vare på den norske sjølvråderetten må du difor og nytta eit norsk mål.

VEDTAK: Fråseigna vart oversendt landsstyret.

I) Krav om nynorsk talemålsnorm

Framlegg frå Oddmund Hoel:

Til
Norsk Språkråd, Språknytt
Presse og kringkasting

Landsmøtet i Norsk Målungdom bed seksjonen for norsk mål i Språkrådet utarbeida klåre uttalenormer for nynorsk. Det er til skade for den (ny)norske språktradisjonen at slike normer ikkje finst i større omfang enn i dag. Det (ny)norske normaltalemålet som vert nytta, fylgjer skrivne eller uskrivne reglar frå avgrensa miljø (t.d. teatra, kringkastinga og kyrkja). For å gjera desse uttalereglane tilgjengelege for ålmenta, trengst det reglar frå det **offisielle** språknormeringsorganet i landet.

Eit (ny)norsk normaltalemål er naudsynt for å halda på og byggja opp den prestisjen (ny)norsken treng i kampen mot bokmålet. I sume sjeldne høve er det naudsynt med eit normaltalemål, og då må (ny)norsken ha eit klårt tilbod. Det er betre at eit offisielt organ utarbeider desse normene, enn at andre private og offentlege tiltak (NRK, Det Norske Teatret osv.) lagar slike normer på eiga hand.

(ny)Norsken vert i bokmålspropagandaen oppfatta som eit vestlandsmål, og det fører m.a. til at elevar og andre som les (ny)norsk høgt, legg seg til tonefall og uttale frå Vestlandet (freistar høyrast ut som sunnmøringar). Dette byggjer opp under fordome om (ny)norsk som vestlandsmål

og tener ikkje målreisninga. I institusjonane som nyttar (ny)norsk normaltalemål, vert (ny)norsken ofte uttala med austlandsk tonefall sjølv om brukarane kjem frå andre delar av landet. Dette gjer (ny)norsk normaltalemål meir utilgjengeleg enn det som er naudsynt. Uttalereglane må gje eit stort rom for lokal tilpassing og variasjon i tonefall og lydverk. Me må gjera det mogeleg både for nordlendingen, trønderen, vestlendingen og austlendingen å tala (ny)norsk ut frå målføret.

Mangelen på eit sterkt (ny)norsk normaltalemål er òg eit **pedagogisk** hinder for (ny)norskframgang. Elevar og andre som skal læra målet, har mest ikkje høve til å øva opp målkjensla med grunnlag i **tala** (ny)norsk. Bokmålsbrukarar høyrer målet sitt på alle kantar og kan skriva ut frå ei ålmenn målkjensle, medan (ny)norskbrukarar manglar dette høvet. Det store fleirtalet av folket nyttar **målføre** som i større eller mindre grad kan nyttast som grunnlag for skriftmålet, men **tala (ny)norsk** er det alt for lite av.

For framandspråklege (ikkje norsk-danske) som ynskjer læra seg (ny)norsk er dette eit enno større problem. Dei er heilt avhengige av uttalenormer for å kunne læra seg å tala (ny)norsk.

Norsk Målungdom ventar seg mykje av arbeidet med ei (ny)norsk talemålsnorm, og me tilbyd Norsk Språkråd all hjelp, støtte og utprøving dei måtte trengja i dette arbeidet.

VEDTAK: Fråseigna vart vedteken.

J) Kontor for målrørsla i Trøndelag

Framlegg frå Studentmållaget i Nidaros:

Målungdomslag og mållag i Nidaros, distrikts- og fylkeslaga i NM og NMU - står framfor det problemet at dei kanmissa kontor plass, møtelokale, lager og arkivplass i Trondheim frå og med 1. juni dette året. Norskdomsinteressene i Hotell Gildevangen går over i eiga til Olav Thon, og me har fått melding om at me lyt vera ute frå kontora 1. juni.

Trønderlaget og Nidaros Mållag har vore velviljug gratis utleigar av lokale ått ungdomsmålrørsla i Trøndelag i ei årrekke. Fyrst på hotell Trønderheimen, seinare på hotell Gildevangen. Dette har vore avgjerande for at målungdomsrørsla har kunna greidd seg gjennom vanskelege år og lite aktive periodar.

Både målstoda i Nidaros og Trøndelag, og den vanskelege organisasjonsstoda i vaksen- og ungdomsmållag i området, gjer det serleg viktugt at målrørsla framleis lyt hava eit senter for landsdelen (kontor i Nidaros).

Landsmøtet i NMU meiner tap av kontor plass vil føra med seg ei rad politiske, organisatoriske og praktiske problem. Og slike problem har me for mange av frå før av.

Me oppmodar leiinga i NMU, Nidaros Mållag, Trønderlaget og Noregs Mållag til å taka tiltak for å tryggja at målrørsla skal ha eit kontor og ein møtestad i Nidaros. Me trur at slike tiltak bør vera eit av ei rad tiltak for å snu politisk og organisatorisk nedgang i distriktet. Landsmøtet meiner dette hastar.

VEDTAK: Fråseigna vart vedteken.

K) Diskusjonsklimaet på landsmøtet 1991

Framlegg frå "Ven -91":

NMU er glad for det gode diskusjonsklimaet som har vore på landsmøtet i 1991. Vonleg vel dette halde seg i åra frametter.

VEDTAK: Samrøystes vedteke.

L) Nynorsk normaltalemål i NMU

Framlegg frå landsmøtekurset i Vestlandske Målungdom:

"Norsk mål vil me i Noreg hava, ikkje lenger med dansken kava" står det i songen. Målstriden i Noreg står millom norske dialektar og nynorsk skrift- og talemål på eine sida, og bokmål i tale og skrift på hi sida.

Bokmålet rår i skriftvegen og vinn stadig fram i tale. Normaltalemålet styrkjer seg, og målføra vert tynte av bokmålet. Samstundes er det nynorske normaltalemålet mesta daudt. Det vert berre nytta der det er tvingande naudsynt å ha eit alternativ til bokmålet, t.d. i NRK og på Det Norske Teatret.

NMU ser detta som ein stor veikskap i målreisinga. Me treng norsk normaltalemål som studnad til den norske skriftradisjonen og som motvekt mot bokmålstalet. Detta er andsvaret til målrørsla.

Landsmøtet i Norsk Målungdom bed difor det nye sentral- og landsstyret freista normera talemåla sine etter dei gamle norske målføra på heimstaden sin eller etter nynorsk normaltalemål i situasjonar der det høver. Landsmøtet oppmodar òg andre målfolk om å gjera det same.

VEDTAK: Fråsegna vart sendt over til landsstyret.

M) Om namna på måla

Framlegg frå landsmøtekurset i Vestlandske Målungdom:

*Det sokalla **bokmålet** er historisk sett ein fornorska variant av dansk, og har vorte kalla "norsk, modersmålet, det almindelige bogsprog, rigsmålet" og anna. **Nynorsk** er ei språkhistorisk rett nemning, men førefestet "ny-" er overflødig i dagleg språkbruk all den tid me ikkje kallar svensk for nysvensk osb. Nynorsken byggjer på dei norske målføra, og er det einaste norske nasjonale skriftmålet i Noreg. Ordet bokmål tyder ikkje anna enn skriftmål, og det er so sjølvstøtt at det er meiningslaust. Nynorsk er òg eit bokmål.*

*Det rettaste namnet på "bokmålet" er norsk-dansk, og på nynorsken: "norsk". Målrørsla bør ikkje gå med på den tilsørande nemninga "bokmål" eller det smålåtne "nynorsk", men nytta nemningane "**norsk-dansk** og **norsk**". Dette vil ikkje minst vera med på å klåra opp i ei historisk mistyding som skadar norsk mål.*

VEDTAK: Fråsegna vert sendt over til landsstyret.

SAK 12 VAL

Andre Myrlund frå valnemnda orienterte.

A) Landsstyre

Valnemnda gjorde framlegg om 11 representantar i landsstyret neste år og desse nye medlemene:

- | | |
|--------------------------|--|
| 1. Eivind Borud (Tromsø) | vara: Tone Magnussen (Tromsø) |
| 2. Eldfrid Rongevær | (Lindås) vara: Sveinung Helgheim (Jølster) |
| 3. Sigrun Høgetveit Berg | (Ål) vara: Geir Ole Kjerstadmo (Lom) |
| 4. Ingar Arnøy | (Bergen) vara: Bård Eskeland (Stord) |

Alle vert valde for 2 år

I tillegg stod 3 faste og ein varaplass opne:

Knut Lekvam har stillt plassen sin open (fast, 1 år)

Erlend Kristensen har stillt plassen sin open (fast, 1 år)

Åsmund Ormset har stillt plassen sin open (fast, 1 år)

Gro M. Endresen har stillt plassen sin open (vara, 1 år)

Valnemnda har gjort slik innstilling:

Ingunn Momrak (Kristiansand) inn for Knut Lekvam

Gyda Kjekshus (Stokmarknes) inn for Erlend Kristensen

Line Sivertsen (Hitra) inn for Åsmund Ormset

Mette Løkeland Stai (Orkdal) inn for Gro M. Endresen

ORDSKIFTE: Robert Hagen, Ingar Arnøy, Hans Olav Brendberg, Aagot Opheim og Bård Eskeland hadde ordet.

Robert Hagen gjorde framlegg om at vararepresentantane rykka opp når dei faste representantane hadde trekt seg og ikkje stod på val. Dette var avvist av landsmøtet.

VEDTAK: Tilrådinga frå valnemnda vart vedteken med handklapp.

B) Sentralstyre

Framlegg frå valnemnda:

Leiar:	Kari Bjørnsvik	(tidl. nestl.)	
Nestleiar:	Holger Lockertsen	(tidl. sst)	
Øk.andsv.:	Remi Moen	(tidl. sst)	
		Dag Hagen Berg	(attval)
	Andre Myrlund	(ny)	
	Åsmund Ormset	(ny)	
	Terje Skjerdal	(ny)	
	Viran Furøy	(ny)	
	Karl Johan T. Bruun Olsen	(ny)	
	Marte Denstadli		(ny)
Vara:		1) Anne Marit Godal	(ny)
		2) Hallgeir Flø	(attval)
	3) Tommy Rustad	(attval)	

ORDSKIFTE: Eldfrid Rongevær og Sigrun Høgetveit Berg hadde ordet.

VEDTAK: Framlegget frå sentralstyret var vedteke med handklapp.

C) NMU-representantar i styret i Noregs Mållag

Framlegg frå valnemnda:

Roar Madsen (fast)

Lise Kvande (vara)

ORDSKIFTE: Robert Hagen, Kari Bjørnsvik, Hans Olav Brendberg og Sigrun Høgetveit Berg hadde ordet.

VEDTAK: Madsen og Kvande vart valde i tråd med tilrådinga.

D) Ettersynsmenn

Framlegg frå valnemnda:
Bergfinn Aabø
Asbjørn Roaldset

VEDTAK: Samrøystes valde.

E) Valnemnd

Framlegg frå landsstyret:
Ingar Arnøy
Oddmund Hoel
Andre Myrlund
Eldfrid Rongevær
Joar Blækkan

Hild Estenstad gjorde framlegg om Anne Kristine Sæther i staden for Joar Blækkan.

VEDTAK: Framlegget frå landsstyret med brigdet til Hild Estenstad vart vedteke.

SAK 13 MØTEKRITIKK/AVSLUTNING

A) Landsmøtestad 1992

Framlegg frå landsstyret:
Bergen med Bergen Målungdom som praktisk tilskipar.

Studentmållaget i Tromsø gjorde framlegg om Tromsø som landsmøtestad.

ORDSKIFTE: Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Robert Hagen, Holger Lockertsen, Ingar Arnøy, Remi Moen, Eivind Borud, Thomas Tangen Angunn Engebø, Trond E. Pedersen.

VEDTAK: Landsmøtet 1992 vert i Bergen.

B) Møtekritikk

Desse hadde ordet: Gyda Kjekshus, Karl-Johan T. Bruun-Olsen, Anniken Førde, Andre Myrlund, Hans Olav Brendberg, Ragnhild Olsen, Øyvind Thomassen, Robert Hagen, Remi Moen, Eivind Borud, Roar Madsen, Oddmund Hoel.

SLUTT!!

Oddmund Hoel
- møteskrivar -